



RIKSANTIKVAREN
Postboks 8196 DEP
0034 OSLO

Dato: 14.05.2018
Vår ref.: 2017/2348-8
Saksbehandlar: erlhofs
Dykkar ref.:

Oversending av forslag til fredingsvedtak for Kong Oscars gate 70, Bergen kommune

Hordaland fylkeskommune sender med dette forslaget om freding av Kong Oscars gate 70 i Bergen til Riksantikvaren.

Fredingsforslaget vart sendt på høyring til partane i saka og lagt ut til offentleg ettersyn 3. mars 2017. Ved ein inkurie vart fredingsforslaget ikkje sendt ut til alle mottakarane, og det vart difor sendt ut på nytt 14. juni 2017 til dei dette gjaldt, med ny høyringsfrist.

Det kom inn tre høyringsfråsegnar. Bergen kommune ved byrådet fatta følgjande vedtak: «Bergen kommune er positiv til framlegg om freding av Kong Oscars gate 70, og har ingen andre merknader til framlegget.». Fylkesutvalet i Hordaland fylkeskommune gjorde følgjande samråystes vedtak: «Fylkesutvalet sluttar seg til fredingsforslaget for Kong Oscars gate 70. Fredinga vil gi eit varig vern til eit arkitektonisk og kulturhistorisk viktig eksempel på eit bygardsanlegg i jugendstil og bidra til ei meir representativ fredingsliste.». Olav Todnem, på vegne av eigarane, gjorde merksam på at bygget har lekkasjar og fuktproblem, og peika på fleire tiltak som er naudsynt for å bøta på dette (fleire ventilar i ytterveggene, beslag under vindauge, reparasjon av balkongar i bakgarden).

Fredingsforslaget og innkomne merknader vart sendt Bergen kommune for andre gongs høyring i brev av 19. februar 2018. Bergen bystyre handsama saka 25. april 2018 og vedtok følgjande høyringsfråsegn: «Bystyret i Bergen gir sin tilslutning til forslaget om fredning av Kong Oscars gate 70, som beskrevet i brev fra Hordaland fylkeskommune datert 19.februar 2018.»

Høyringsfråsegnene gir soleis ikkje grunn til endringar i fredingsforslaget. Tiltaka som eigarane peikar på, vil etter fylkeskommunens vurdering ikkje ha vesentleg verknad på kulturminneverdiane og kan handsamast gjennom dei ordinære prosedyrane for dispensasjon frå fredingsvedtak. At bygningen er i god stand og lar seg bruka som bustader, er i eigarane og kulturminnestyresmaktene si felles interesse. Om eigarane har ytterlegare kommentarar til forslaget til fredingsvedtak, må desse rettast til Riksantikvaren.

Bygningen er til no ikkje tilstandsregisterert i Askeladden. Dette vil fylkeskommunen gjera med det første.

For redigerbare versjonar (word-format) av fredingsforslaget og dokumentasjonsrapporten, ber me Riksantikvaren kontakta vår sakhandsamar: erlend.hofstad@hfk.no

Med helsing

Per Morten Ekerhovd
kst. fylkesdirektør kultur og idrett

David Aasen Sandved
kst. fylkeskonservator

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Kopi til:
BERGEN KOMMUNE
SAMEIET KONG OSCARS GATE 70

Vedlegg

- 1 Fredningsforslag
- 2 Kulturminnedokumentasjon
- 3 Høyringsfråsegn Bergen kommune
- 4 Høyringsfråsegn Fylkesutvalet i Hordaland
- 5 Høyringsfråsegn eigarane ved Olav Todnem
- 6 Høyringsfråsegn 2. gongs høyring